

RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR MED SÆRSKILD FØREMÅL INTEGRERING OG FØRBYGGJANDE ARBEID BLANT BARN OG UNGE

Føremål

Føremålet med tilskotet er å stimulera til trygge møteplassar og til deltaking i kultur- og idrettsaktivitetar, gjennom ulike prosjekt og opne arrangement, for barn og unge under 26 år i Stord kommune.

Kven kan søkja?

Frivillige lag og organisasjonar
Fleire einskildpersonar/samanslutningar

Vilkår

Tiltaket skal vera ope for alle.

Dersom organisasjonar som driv religiøs eller politisk verksemd søker om midlar er det ein føresetnad at tiltaka skal ivareta omsynet til deltakarar med ulik religiøs og politisk bakgrunn. Alle tiltak skal vera rusfrie.

Det vert ikkje gitt tilskot til følgjande:

Lukka arrangement
Kurs- og seminarverksemd
Reise- og turnestøtte
Kommersielle arrangement / prosjekt
Innkjøp av materiell / utstyr

Søknaden skal innehalda:

Mål for tiltaket
Plan og program for arbeidet / tiltaket
Omtale av eventuelle samarbeidspartar
Budsjett

Organisasjonar som søker tilskot må ha organisasjonsnummer, og må gje opp dette i søknaden før den vert handsama. Dette for å sikra at verksemda oppfyller dei formelle kriteria for å vera juridisk person, og at verksemda har oppretta bankkontonummer. Søknad skal sendast til Stord kommune. Kvar tildeling kan vera på minst kr 10.000 og ha ei øvre grense på kr 50.000. Komité for næring, miljø og kultur fordeler midlane.

Rapportering

Rapporten skal innehalda ei skildring av kva pengane har vorte brukte til og godkjend rekneskap for bruken av midlane.

Rapporten skal sendast seinast 3 månader etter at tiltaket er avslutta.

Retningslinjene er vedtekne av Kommunestyret 22.06.2017